

## TIL ALLE FØRESETTE!

**Klassen har no meldt seg på «AksjonAluminium», ein morosam og lærerik resirkuleringskonkurransse for alle elevar i 3. - 7. klasse i heile Noreg.**

Konkurransen går ut på å sortere og resirkulere aluminiumsboksar. Klassen som går av med sigeren er dei som gjenvinner flest boksar/kg per elev. Kampanjeperioden er frå 31. august til 7. desember 2018, men du kan tjuvstarte innsamlinga allereie no!

Aluminium er eit metall som kan resirkulerast i det uendelege! Ein aluminiumsboks kan nemleg bli til ein heilt ny boks! Med energien som trengst for å lage ein ny boks, kan vi faktisk lage 20 resirkulerte boksar. Det tyder at vi hjelper jorda med å spare energi når vi resirkulerer.

I Aksjon aluminium er alle aluminiumsboksar like mykje verd, uansett storleik! I tillegg til den tradisjonelle brusboksen, kan de også resirkulere hermetikkboksar som for eksempel makrell i tomat, leverpostei, mais, hermetiske tomatar og kokosmjølk. Aksjon aluminium har rekna ut kor mykje aluminium det er i gjennomsnitt per boks. Elevane skal sjølvstøtt sleppe å ta med alle desse aluminiums- og hermetikkboksane på skulen. Som bevis på at dei har resirkulert eller panta aluminiumsboksane tek dei med seg «jekken» på toppen av lokket til skulen. Det finst også andre boksar som er laga av aluminium. Desse må de gjerne resirkulere, men dei tel ikkje med i konkurransen. Aksjonen held seg kun til aluminiumsboksar med «jekkar». Desse fungerer som konkurransebevis.

Det er ikkje lov å drikke meir mineralvatn enn de gjer normalt, eller kun ete hermetiske tomatar til middag. De skal samle inn aluminiumsboksar som allereie er i bruk, elles går jo vinninga opp i spinninga!

Aksjon Aluminium skal vere morosamt å delta på, men vi som er med skal også lære noko. Tema vi skal lære om mens aksjonen held på er blant anna kretsløp, gjenvinning, energi, klima og aluminium. Samtidig gjer vi noko bra for miljøet!

For meir informasjon, ta gjerne ein kikk på heimesida: [www.aksjonaluminium.no](http://www.aksjonaluminium.no)

**Klar ferdig gå!!!**

